



Brusande velkomst! Turfølgjet Arne(f.v.), Anne Berit, Randi, Magnhild, Janne, Tove og Egil med den yngste del av mottakskomiteen fremst.

Det vart nok utveksla mange gode minne i turgjengen som gjekk over Nåso frå Utåker til Uskedalen på søndag. Dei gjekk nemleg same ruta som bestefar deira, Andreas T. Haugland (f.1898), gjekk så mange ganger. Han brukte mellom anna å gå denne ruta då han handla hest med kameraten Tor Tveit frå garden Tveit på Utåker.



På veg frå Børsdalsselet mot Fagerdalsskaret.

Idéen om turen søndag kom opp i samband med at etterkomarane etter Marie (f. Døssland) og Andreas T. Haugland skal ha slektstreff andre helga i august. Då vert dei 115-120 etterkommamarar som møtest om det høver for alle. Såleis kan vi sei turen over Nåso er ein forløpar til slektstreffet som skal ha base i Ternebu i Tveitedalen.



Utsikt frå Fagerdalsskaret.

I Tveitedalen møttest også dei 7 turgåarane søndag då klokka nærma seg kvart på 10. 6 av dei 21 barnebarna til Marie og Andreas var med i følgjet. Det var systrene Janne og Tove Seim, Randi G. Zimmer, Magnhild Haugland og brørne Egil og Arne Omvik. Også kona til Arne, Anne Berit Omvik, var med i det spreke følgjet. Turveret var perfekt, og det var ein stråland fornøgd gjeng som kom til Uskedalen og Kalkestasjonen då klokka nærma seg fire om ettermiddagen.

- Fantastisk tur! var det samstemmige omkvedet.



[Utsikt mot Englafjell.](#)

Ved kalkestasjonen venta ein 12 manns sterk mottakskomitè med norske flagg. Bordet var dekket med duk, og det vart servert champagne, brus og jordbær, - svært så hyggeleg stemning!



[Deler av mottakskomiteen ventar på turfølgjet.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland. Foto: Anne Berit Omvik.



To av dei fornøgte turdeltakarane, Tove Seim og Egil Omvik.